



Tømrer Sævar Sævarsson
Solendvegen 254
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1482 - 15/17083

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
16.09.2015

Godkjenning - Søknad om endring av gitt løyve for nye ansvarsretter tilknytt byggjetiltak på gbnr. 40/5 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 334/2015

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Det vert søkt om godkjenning av nye ansvarsrettar i verserande byggjesak på gbnr. 40/5 i Meland kommune, jf. søknad m/ vedlegg frå Tømrer Sævar Sævarsson ENK av 26.6.2015 og supplerande opplysningar ved etterfølgjande korrespondanse mellom søkjar, tiltakshavar og kommunen.

Det vert vidare søkt om mellombels bruksløyve for delar av tiltaket. Denne vert handsama som eige sak, jf. saksutgreiinga under.

Bakgrunn

Gjennom delegert vedtak av 26.5.2010 gav Meland kommune rammeløyve for bruksendring av driftsbygning til leilighetsbygg med tilhøyrande byggjearbeid på gbnr. 40/5, jf. DNT-sak 010/10.

I rammeløyvet er det opplyst at søknaden omfatta til saman fem bueiningar – og kor ein bueining allereie var godkjent – men på bakgrunn av teikningane som vart godkjent saman med rammeløyvet legg administrasjonen til grunn at vedtaket i DNT-sak 010/10 berre omfattar fire bueiningar. I ettertid er det då òg berre tildelt fire adresser tilknytt det omsøkte bygget (Fureskjeggvegen 15a-d).

Ved delegert vedtak av 25.2.2013 gav kommunen igangsettingsløyve (IG) med tilhøyrande godkjenning av ansvarsrettar, jf. DNT-sak 091/13. Følgjande føretak vart den gong godkjent for ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde	Tkl
Ramm Salbu Arkitekter AS Org.nr. 994 932 284 Lokal godkjenning	SØK PRO overordna - med unntak av røyrleggjararbeid KPR overordna	1
Bygg og Mur Teknikk AS Org.nr. 998 502 640 Lokal godkjenning	UTF tømrrarbeid	1
Hjelmås VVS AS Org.nr. 988 410 580 Sentral godkjenning	PRO røyrleggjararbeid UTF røyrleggjararbeid	1

I ettertid er ansvarleg søkjar v/ arkitekt Morten Ramm Salbu avliden, medan Bygg og Mur Teknikk AS er slått konkurs.

Føretaket Tømrrer Sævar Sævarsson ENK søker no om å bli godkjent som ansvarleg søkjar (SØK), utførande (UTF) og kontrollerande av utføring (KUT) for attståande delar av tiltaket. Det vert vidare søkt om mellombels bruksløyve for bueininga i andre etasje i nybygget (Fureskjeggvegen 15d), jf. eige, etterfølgjande vedtak om dette.

For fastsetting av grensesnitta for ansvaret til dei ulike føretaka har kommunen mottatt samsvars-erklæringar frå Hjelmås VVS AS og Bergen Byggteam AS (tidlegare Bygg og Mur Teknikk AS). Hjelmås VVS AS har dertil stadfesta at deira oppgåver er utført i samsvar med godkjent prosjektering. Bergen Byggteam AS har på si side stadfesta at deira oppgåver tilknytt Fureskjeggvegen 15d er utført i samsvar med godkjent prosjektering, medan det står att nærmare skildra arbeid tilknytt Fureskjeggvegen 15b-c. (Fureskjeggvegen 15a er tidlegare godkjent for bruk.) Tømrrer Sævar Sævarsson har vidare opplyst at Ramm Salbu Arkitekter AS sine oppgåver tilknytt PRO og KPR er gjennomført, men at det grunna nemnde dødsfall har vist seg umogleg å skaffe til vegar ei kontrollerklæring frå dette føretaket.

Søknaden om rammeløyve vart fremja med heimel i den oppheva Plan- og bygningsloven (pbl.) frå 1985. Det følgjer då av § 34-4 i gjeldande pbl. av 2008 at heile tiltaket – under dette òg føreliggjande søknad om endring av gitt løyve med omsyn til ansvarsrettar – skal handsamast etter reglane i 1985-lova.

VURDERING

Tømrrer Sævar Sævarsson ENK er sentralgodkjent som ansvarleg føretak for utføring av tømrrarbeid og trekonstruksjonar i tiltaksklasse 1. Det følgjer dertil av Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9 at kommunen skal tildele ansvarsrett utan nærmare vurdering når sentralgodkjenninga dekkjer ansvarsområdet det vert søkt om ansvarsrett for. Av SAK10 § 13-5 tredje ledd bokstav e går det vidare fram kva godkjenningsområdet *tømrrarbeid og montering av trekonstruksjonar* i tiltaksklasse 1 omfattar:

«Godkjenningsområdet omfattar oppføring og endringsarbeider av byggverk med liten vanskelighetsgrad, som f.eks. enebolig, tomannsbolig, rekkehus og kjedehus, og andre tømrrarbeider med tilsvarende vanskelighetsgrad. Alle relevante arbeider som inngår i oppføring

av bygning omfattes av godkjenningsområdet, f.eks. betongarbeider og murarbeider for småhus i tiltaksklasse 1, montering av produkter, bygningselementer, taktekkingsarbeider og membranarbeider (fukt, radon) mm. Oppgaver som inngår i godkjenningsområdet kan være utførelse av yttervegger, etasjeskiller, innvendige vegger og takkonstruksjoner, luft- og fukttetting og varme-, lyd- og kondensisolering.»

Sett hen til dei oppgåvene som allereie er utført av Hjelmås VVS AS (røyrleggjararbeid) legg administrasjonen til grunn at Tømrer Sævar Sævarsson ENK si sentralgodkjenning dekkjer oppgåvene som det no vert søkt om ansvarsrettar for utføringa av, under dette òg eigenkontrollen av desse.

Tømrer Sævar Sævarsson ENK søker vidare om lokal godkjenning som ansvarleg søker, med tilhøyrande dokumentasjon om m.a. organisasjon, styringssystem, kvalifikasjonar i føretaket og relevante referanseprosjekt frå andre kommunar kor føretaket tidlegare har vært godkjent for denne funksjonen.

På bakgrunn av mottatte opplysningar – og den forståing for regelverket som føretaket har vist gjennom søknadsprosessen – vurderer administrasjonen at Tømrer Sævar Sævarsson ENK stettar dei krav til organisasjon, formal- og realkompetanse og til kvalifikasjonar som elles vert stilt for å kunne ta på seg ansvar som ansvarleg søker.

I *Forskrift om godkjenning av føretak for ansvarsrett (GOF)* vert det rådd til at nytt føretak – ved bytte av ansvarleg føretak – bør lage ein oversikt over dei arbeid som allereie er gjennomført, slik at ein kan teikne eit grensesnitt for ansvaret mellom tidlegare og nytt føretak. Slik oversikt ligg føre, jf. saksutgreiinga over. Det nye føretaket trer dermed ikkje inn som ansvarleg for eventuelle feil gjort av føregåande føretak, ettersom sistnemnde fortsatt heftar for desse sjølv om ansvarsrettane er bytta. I føreliggjande sak reiser dette særlege spørsmål med omsyn til funksjonane PRO og KPR, grunna nemnde dødsfall og den påfølgjande avviklinga av Ramm Salbu Arkitekter AS. Tømrer Sævar Sævarsson ENK har dertil opplyst at all prosjektering er utført, men at det ikkje lar seg gjere å oppdrive eigenerklæring eller anna dokumentasjon på at prosjekteringa er utført i samsvar med regelverket.

Administrasjonen har vurdert om det grunnlag for å krevje enten nye ansvarsrettar for PRO og KPR eller ein uavhengig kontroll av prosjekteringa – som føresetnad for bruksløyve eller ferdigattesting – men vurderer at dette neppe er føremålstenleg, all den tid det ikkje er mogleg å oppdrive noko dokumentasjon. Administrasjonen har difor konkludert med at det som tilstrekkeleg at Tømrer Sævar Sævarsson ENK trer inn i prosjektet som ansvarleg føretak for funksjonane SØK, UTF og KUT (med unntak av oppgåver som allereie er utførte av Hjelmås VVS AS og Bergen Mur og Teknikk AS).

Nye ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som omsøkt.

VEDTAK

I rammeløyve av 26.5.2010 i DNT-sak 010/10 og i igangsettingsløyve (IG) av 25.2.2013 i DNT-sak 091/13 vert det gjort følgjande endringar:

I samsvar med søknad dagsett 27.7.2015 godkjenner Meland kommune føretaket Tømrer Sævar Sævarsson ENK (org.nr. 991 154 167) for ansvarsrett som ansvarleg søker (SØK), utførande (UTF) og kontrollerande av utføring (KUT) i samsvar med Forskrift om lokal godkjenning av føretak for ansvarsrett (GOF) av 2003.

For tiltaket gjeld elles dei krav og vilkår som følgjer av nemnde rammeløyve og IG.

Om grunngivinga for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknadane om høvesvis endring av løyve og lokal godkjenning av føretak for ansvarsrett vert ettersendt, jf. høvesvis pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. Forvaltningsloven §§ 3 og 28. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tømrer Sævar Sævarsson

Solendvegen 254 5936

MANGER